



# Nissedal kommune

## Møteprotokoll

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Ordførarkontoret, Kommunehuset  
**Dato:** 08.11.2018  
**Tidspunkt:** 08:30 – 11:00 og 12:00 – 12:40

### Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Halvor Homme	Ordførar	AP/KRF
Paul Willy Setane	Medlem	AP/KRF
Ian Parry-Jones	Medlem	SP/H
Kristine Sandall	Medlem	SP/H

### Følgjande medlemmer møte ikkje:

Navn	Funksjon	Representerer
Geir Christian Enger	VORDF	AP/KRF

### Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Bjarne Reime	Geir Christian Enger	AP/KRF

### Følgjande frå administrasjonen møte:

Navn	Stilling
Sverre Sæter	Rådmann
Jarle Bruun Olsen	Kommunalsjef økonomi (sak 125/18 126/18)
Jan Arvid Setane	Kommunalsjef samfunn og utvikling (sak 125/18)
Gro Midtsund	Einingsleiar barnehage (sak 125/18)
Anne Espelid	Einingsleiar kultur (sak 125/18)
Elsbeth Kegge	NAV-leiar (sak 125/18)
Even Holskar	Einingsleiar skule (sak 125/18)
Arne Hansen Espebu	Einingsleiar omsorg (sak 125/18)
Kristin K. Vaa	Einingsleiar teknisk (sak 125/18)

Frå saksnr.: 125/18  
Til saksnr.: 131/18

Halvor Homme  
ordførar

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til behandling	
PS 125/18	Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2019-2022	
PS 126/18	Søknad om fritak for eigedomsskatt - gnr.38/bnr.54/fnr.59	
PS 127/18	N - 7/40 - Sundsodden - Byggesøknad - Ny avkøyring - dispensasjon	
PS 128/18	N - 12/4 m.fl. - Rp Bakkebufjell massetak - vegbygging - dispensasjon	
PS 129/18	N - 38/559 - Felehovet nord 358 - Byggesøknad - fritidsbustad - mønehøgde - dispensasjon	
PS 130/18	Søknad om dekning av tapt fortjeneste - Pipo	
PS 131/18	Referat- og drøftingssaker	

## Saker til behandling

### PS 125/18 Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2019-2022

#### Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre vedtek framlegg til årsbudsjett 2019 og økonomi- og handlingsplan 2019-2022, slik det ligg føre.

Det vert nytta høgast mogleg skattesats på formue og inntekt.

#### Eigedomsskatt:

Den alminnelege eigedomsskatten for skatteåret 2019 er 7 promille jf. eigedomsskattelova § 11, 1. ledd.

Differensiert skattesats for eigedomar med sjølvstendige bustadeler og fritidsbustader, for skatteåret 2019 er 2 promille, jf. eigedomsskattelova § 12, bokstav a.

Det vert ikkje nytta botnfrådrag.

Alle skattytarar på eigedomsskatt og mottakarar av faktura kommunale avgifter får tilbod å val mellom 1, 4 og 12 terminar. 12 terminar forutsett bruk av e-faktura. Papirfaktura gir eit administrasjonsgebyr på kr 35. Dei som ikkje gir tilbakemelding om termin, får eigedomsskatt/kommunale avgifter fordelt på 4 terminar.

#### Låneopptak:

Det vert teke opp lån til investeringsføremål på inntil kr 43.449.000.

#### Disponering av felles tiltakspott:

Det vert løyva frå felles tiltakspott til fylgjande formål slik:

Laurdagsope bibliotek (ca. 20 gonger): kr 75.000

Laurdagsope basseng (ca. 20 gonger): kr 95.000

Tilsyn og renovasjonsordning i Jettegrytene: kr 25.000

### Saksprotokoll i Formannskapet - 08.11.2018

Budsjett/økonomiplan og handlingsprogram vart drøfta i møtet

#### Vedtak

Formannskapet sitt framlegg til budsjett, økonomiplan og handlingsprogram vert gjort i neste møte

### PS 126/18 Søknad om fritak for eigedomsskatt - gnr.38/bnr.54/fnr.59

#### Rådmannen si tilråding:

Gnr. 38/bnr.54/fnr.59, vert friteke for eigedomsskatt for perioden 12.07.-31.12.18.

Eigedomsskatt for 01.01.-12.07.18 utgjer kr 735. Resterande del av eigedomsskatten for 2018 (kr 653) vert ettergjeve.

## **Saksprotokoll i Formannskapet - 08.11.2018**

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding

### **Vedtak**

Gnr. 38/bnr.54/fnr.59, vert friteke for eigedomsskatt for perioden 12.07.-31.12.18. Eigedomsskatt for 01.01.-12.07.18 utgjer kr 735. Resterande del av eigedomskatten for 2018 (kr 653) vert ettergjeve.

## **PS 127/18 N - 7/40 - Sundsodden - Byggesøknad - Ny avkøyring - dispensasjon**

### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå reguleringsplanen *Sundsodden industriområde* for etablering av ny avkøyring frå fv514, slik det er søkt om. Dispensasjonen er gitt på vilkår av at avkøyringa blir godkjent av Statens vegvesen og utforma i samsvar med krav derifrå.

Tiltaket er søknadspliktig etter pbl kap. 20, og kan ikkje ta til før det også er gitt byggeløyve.

## **Saksprotokoll i Formannskapet - 08.11.2018**

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding

### **Vedtak**

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå reguleringsplanen *Sundsodden industriområde* for etablering av ny avkøyring frå fv514, slik det er søkt om. Dispensasjonen er gitt på vilkår av at avkøyringa blir godkjent av Statens vegvesen og utforma i samsvar med krav derifrå.

Tiltaket er søknadspliktig etter pbl kap. 20, og kan ikkje ta til før det også er gitt byggeløyve.

## **PS 128/18 N - 12/4 m.fl. - Rp Bakkebufjell massetak - vegbygging - dispensasjon**

### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet gir med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå tiltaksforbodet i LNF-område for bygging av bilveg frå Grimstveitvegen/Heivegen til Bakkebufjell massetak etter trasé fastsett av jordskifteretten.

Vegbygginga er søknadspliktig etter pbl § 20-3 og kan ikkje ta til før det ligg føre byggeløyve for tiltaket.

## **Saksprotokoll i Formannskapet - 08.11.2018**

Ordføraren ba om å få vurdert Ian Perry-Jones sin habilitet. Formannskapet fann samrøystes Perry-Jones habil til å vere med på å handsame saka.

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding

## **Vedtak**

Formannskapet gir med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå tiltaksforbodet i LNF-område for bygging av bilveg frå Grimstveitvegen/Heivegen til Bakkebufjell massetak etter trasé fastsett av jordskifteretten.

Vegbygginga er søknadspliktig etter pbl § 20-3 og kan ikkje ta til før det ligg føre byggeløyve for tiltaket.

## **PS 129/18 N - 38/559 - Felehovet nord 358 - Byggesøknad - fritidsbustad - mønehøgde - dispensasjon**

### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå føresegn 2.1 a) 4) i reguleringsplanen Felehovet nord for oppføring av ny fritidsbustad på tomt H127 med mønehøgde inntil 5,00 meter, slik det er søkt om.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 08.11.2018**

Omforeint endringsforslag:

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå føresegn 2.1 a) 4) i reguleringsplanen Felehovet nord for oppføring av ny fritidsbustad på tomt H127 med mønehøgde inntil 5,5 meter.

Votering: Omforeint endringsforslag samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå føresegn 2.1 a) 4) i reguleringsplanen Felehovet nord for oppføring av ny fritidsbustad på tomt H127 med mønehøgde inntil 5,5 meter.

## **PS 130/18 Søknad om dekning av tapt fortjeneste - Pipo**

### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet avviser søknaden frå Jørgen Solberg og Marta Kochalska om å få dekka kr. 110.000,- i tapt fortjeneste, pluss kr. 10.000,- i varekostnadar, i forbindelse med at taket på lokstallen blåste av i romjula 2017.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 08.11.2018**

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding

## **Vedtak**

Formannskapet avviser søknaden frå Jørgen Solberg og Marta Kochalska om å få dekka kr. 110.000,- i tapt fortjeneste, pluss kr. 10.000,- i varekostnadar, i forbindelse med at taket på lokstallen blåste av i romjula 2017.

## **PS 131/18 Referat- og drøftingssaker**

### **Rådmannen si tilråding:**

Referat- og drøftingssaker vert teke til vitande.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 08.11.2018**

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding

### **Vedtak**

Referat- og drøftingssaker vert teke til vitande.